

Dei er vår tids jødar

INNLEGG

Oddny Miljeteig
Fast spaltist i BA



Først tok de tiggerne av romfolket - men jeg brydde meg ikke for jeg var ikke tigger av romfolket.

●● Så tok de de sprøytenarkomane i parken - men jeg brydde meg ikke for jeg var ikke sprøytenarkoman.

●● Så tok de kommunistene og fagforeningsfolkene - men jeg brydde meg ikke for jeg var ikke kommunist eller fagforeningsmann.

●● Så tok de jødene - men jeg brydde meg ikke for jeg var ikke jøde.

●● Til slutt tok de meg. Men da var det ingen igjen til å bry seg.

●● Teksten ovanfor er ei delvis omskriving av diktet «Likegyldighet», skrive av teologen og presten Martin Niemöller (1892-1944). Diktet er truleg skrive i 1944 og inspirert av Niemöller sitt opphald som fange i konsentrasjonsleiren Dachau frå 1941-45.

●● Eg hugsar diktet frå mange år attende, og eg trudde lenge at det var Bertolt Brecht som hadde skrive det, avdi eg tykte det likna hans skrivning. Men det var det altså ikkje. Dei siste åra har eg teke fram diktet mange gonger i samband med debattar og innlegg både om rusavhengige og om tiggarene av romfolket. For kvar gong eg les diktet, vert det sterkare og sterkare. Her er originalversjonen i norsk omsetjing:

●● Først tok de kommunistene - men jeg brydde meg ikke for jeg var ikke kommunist.

●● Deretter tok de fagforeningsfolkene - men jeg brydde meg ikke for jeg var ikke fagforeningsmann.

●● Så tok de jødene - men jeg brydde meg ikke for jeg var ikke jøde.

●● Til slutt tok de meg. Men da var det ingen igjen til å bry seg.

●● Onsdag hadde eg æra av å opna kunstutstillinga «Folket som vandrer - de ingen vil ha», av biletkunstnaren Finn Magnus ved Vestnorsk Utvandringssenter i Radøy. Finn Magnus har vorte kjend med fleire romfolk som tiggjar i Oslo, og



ROMFOLKET: Er dei vår tids jødar?

FOTO: VIDAR LANGELAND



Til vanleg hastar dei fleste av oss forbi menneska som sit på gata med eit pappkrus eller eit trekkspel...

gjennom arbeida i utstillinga viser han fram menneska, einskildindivida.

●● Ved utstillingsopninga fortalde han historia spesielt til ei av dei slik at kvinna vart svært tydeleg for oss. Til vanleg hastar dei fleste av oss forbi menneska som sit på gata med eit pappkrus eller eit trekkspel - og vi fester gjerne blikket ein annan stad. Då ser vi ikkje personen, mennesket bak koppen eller trekkspellet.

●● Ved å laga kunst av det vi normalt ikkje fester blikket ved, tvingar kunstnaren oss til å sjå - og ikkje oversjå. Som sjåarar får vi eit møte med portretta av menneska - og nesten med menneska sjølve. Kunstnaren gjer tiggaren til ein person for oss og bryt ned forbifartens likesæle. Slik viser han vegen til vår eigen humanitet, som tiggarene av romfolket er den fremste utfordring for i storbyen vår.

●● Tiggarene av romfolket, der dei sit på gatehjørna, er den frem-

ste utfordring for vår evne til å kjenna medkjensle, nestekjærleik og samkjensle. Dei er den fremste utfordring for vår evne til å kjenna for visst og sant at alle menneske har same verd - og ergo kjenna likeverd.

●● Kjenna likeverd når vi møter menneske som knelar for oss, som ikkje kjenner vårt språk, som er kledde som frå eit anna hundreår. Som sender born for å tigga i staden for på skule. Som mange ikkje kan lesa eller skriva. Som somme gifter vekk døtrer som knappast er tenåringar. Som ikkje er bufaste, i alle fall ikkje mange av dei. Som er Europas mest diskriminerte folkegruppe. Som vert jaga, forfylgde og myrda i Tsjekkia, til dømes. Som hadde sitt holocaust under krigen, som jødane.

●● Ein halv million vart utrydda. Er dei no vår tids jødar? Sjølv om

antisemitismen lever i beste, eller rettare: verste velgåande og jødiske skuleborn vert mobba i Noreg. Det er mest ikkje til å tru. Altså er jødane meir enn nok også vår tids jødar.

●● Kva så med romfolket? Eg veit ikkje om dei er vår tids jødar. Men eg veit at dei vert behandla ovanfrå og ned: «Vi må hindra tiggarene frå å audmjuka seg. Difor må vi forby tigging.» Slik på lag ordla stortingsrepresentant Michael Tetzchner frå Oslo Høgre seg - og han var blant dei som gjekk i bresjen slik at landsmøtet i Høgre nylyg vedtok tiggjarforbod.

●● Slik snakkar herren om knekten - men ikkje med knekten - ovanfrå og ned. Og det er herren som med sjølvtryggleik søv godt om natta, utan otte for livskvardagen og framtida til dei som kanskje er vår tids jødar.

Statsministeren



Piddien

Nå vil folk ha euro med seg til Hellas. - Di vil vel ikkje komme te' kort...

